

Alt um vaaren 1900 heldt overbibliotekaren fram, at det no snart trongst meir husrom. Stortinget gav pengar for terminen 1907—8 til aa greida ut byggjespursmaalet, og oppretta ein serleg post for ein bygnads-inspektør ved Universitetet; det var mangt anna enn bibliotek, som laut upp. Ved sam-




Fig. 1. Universitetsbiblioteket i Kristiania. Plan av 1ste etage med projekterd utviding av bokmagasini. Teikna av H. Sinding-Larsen. — 1. Vindfang. 2. Vestibule. 3. Portier. 4. Cyklar. 5—6. Musikk-avdeildi. 7. Musikk-magasini. 8. Den norske Folkeminnesamlingi. 9. Avismagasini. 10. Bokbindarverkstad. 11. Prenteverks-rom (fig. 2). 12. Pakk-rom. 13. Bokmagasini. 14. Tropp for personalet. 15. Vaktmeister. 16. Framtidig garderobe. 17. Framtidig lesesal. 18. Gardsrom.

er fast fjell i grunnen, og tufti hallar jamnt, so huset vert høgare, di lenger fram ein byggjer. Det er 10 minutt veg fraa Universitetet; det er elektrisk sporvogn i 3 leider like ute paa gata, og den 4de og 5te lina finst nokre faa steg lenger burt.

<sup>1</sup> Sjaa Stortings-Forhandlingar 1908 II nr. 49, s. 6—7.

arbeid millom overbibliotekaren og bygnads-inspektøren (arkitekt Holger Sinding-Larsen), baade heime og paa studieferd i utlandet, forma byggeplanen seg ut, ikkje berre i hovuddrag, men òg i alle einskildting. Overbibliotekaren formulerte dei krav han vilde setja ved den nye biblioteksbyggnaden<sup>1</sup>, og etter deim arbeidde bygnads-inspektøren ut teikningar og overslag. Dette vart velroste av dei sakkunnige, arkitektar og biblioteksfolk; dei viktugaste kritiske merknader retta forf. av utkastet seg etter, og enddaa det norske arkitektstandet (serleg representert i Kristiania Arkitektforening) med stor styrke og seigleik kravde offentlig tevling (konkurrance), vann dette rop ikkje øyra hjaa meir enn vel ein femtepart av Stortings-mennerne (25 mot 89); Sinding-Larsens plan vart der-etter samrøystes vedteken, 5. juni 1908.

Paa Observatorie-tufti, dei kallar, som Universitetet eig — paa hyrna av Drammensvegen og Observatoriegata —, er det funne ei rein ynskje-tuft. Der er rom til utviding langt fram gjennom tidi, der